



Foto: Carsten Aniksdal

# ÅRSMELDING 2008



KYSTVERKET





Foto: Arve Kjell Uthaug



Side 3  
Side 4  
Side 7  
Side 11

Innhald  
Kystverket  
Årsrapport  
Rekneskap



## HOVUDKONTORET



**Kirsti Slotsvik**  
Kystdirektør



**Vigdis Trulssen Bye**  
Avdelingsdirektør  
Økonomi og administrasjon



**Arve Dimmen**  
Avdelingsdirektør  
Sjøsikkerhets-avdelinga



**Tormod Lunde**  
Avdelingsdirektør  
Juridisk avdeling



**Roar Johansen**  
Einingsleiar  
Sjøtransport og hamner



**Lidvard Måseide**  
Einingsleiar  
IKT, kvalitet og utvikling



**Johan Marius Ly**  
Beredskapsdirektør  
Kystverkets Beredkapsavdeling (Horten)



**Ola Stenvaagnes**  
Avdelingsdirektør  
Kommunikasjons- og informasjonsavdeling



**Sven Martin Tønnessen**  
Dagleg leiar  
Kystverket Reiarlag

## REGIONKONTORA



**Sven Arild Hansen**  
Regiondirektør

### SØRAUST

Østfold, Akershus, Oslo, Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder fylker  
Regionkontor: Arendal  
Kystlinje: 7906 km  
Kystverket Sørøst omfattar:  
47 kystkommunar  
55 statlig utbygde fiskerihamner  
27 kommunar med eige hamnedistrikt  
3 nasjonale hamner  
1 regionalhamn  
3 interkommunale hamnesamarbeid



**John Erik Hagen**  
Regiondirektør

### VEST

Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylker  
Regionkontor: Haugesund  
Kystlinje: 18 824 km  
Kystverket Vest omfattar:  
81 kystkommunar  
4 interkommunale hamnedistrikt  
250 statlig utbygde fiskerihamner  
13 kommunale hamnedistrikt  
20 større industrihamner.  
4 store hamneterminalar for utskiping av olje og gass  
3 nasjonalhamner  
6 oljeforsyningsbasar



**Harald Tronstad**  
Regiondirektør

### MIDT-NOREG

Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag fylker  
Regionkontor: Ålesund  
Kystlinje: 20 671 km  
Kystverket Midt-Noreg omfattar:  
70 kystkommunar  
182 statlig utbygde fiskerihamner  
38 kommunar med eige eller interkommunalt hamnedistrikt  
2 nasjonalhamner



**Fridtjof Wangsvik**  
Regiondirektør

### NORDLAND

Nordland fylke  
Regionkontor: Kabelvåg  
Kystlinje: 23 020 km  
Kystverket Nordland omfattar:  
42 kystkommunar  
142 statlig utbygde fiskerihamner  
14 kommunar med eige hamnedistrikt  
1 nasjonalhamn



**Ulf Syversen**  
Regiondirektør

### TROMS OG FINNMARK

Troms og Finnmark fylke  
Regionkontor: Honningsvåg  
Kystlinje: 12 861 km  
Kystverket Troms og Finnmark omfattar:  
41 kystkommunar  
225 statlig utbygde fiskerihamner  
12 kommunar med eige hamnedistrikt  
1 nasjonalhamn  
3 regionalhamner  
6 større industrihamner



# MÅL OG VISJON

## ANSVARsomRÅDE

Kystverket er ein nasjonal etat for sjøsikkerheit, beredskap og sjøtransport.

Kystverket tar ansvar for sjøvegen og arbeider for ein effektiv sjøtransport gjennom å ivareta transportnæringa sitt behov for framkome og velfungerande hamner. Kystverket skal førebyggje og avgrense skadeeffektane ved akutt forureining og medverke til ei berekraftig utvikling av kystsona.

## KYSTVERKET SINE MÅL:

- Sikker seilas
- Reint miljø
- Frå veg til sjø
- Livskraftige kystsamfunn
- Kvalitet i alle ledd
- Alltid til stades


Kystverket har ansvaret for:


- Fiskerihamner
- Farleier
- Navigasjonsinstallasjonar (fyr, lyfter, stakar etc.)
- Lostenesta
- Sjøtrafikk kontroll
- Staten sin beredskap mot akutt forureining

Verksemda omfattar maritim sektor av nasjonal transportplan, samt myndigheits- og forvaltningsoppgåver knytt til lover og regelverk for hamner, farleier og losplikt.

## VERDIGRUNNLAG

Den enkelte tilsette og leiar si bevisstheit når det gjeld etisk kvalitet på tenesteyting og myndeutøving, er ein føresetnad for at innbyggjarane og brukarane skal ha tillit til Kystverket. I Kystverket tar vi ansvaret for sjøvegen. Derfor er vi framtidsretta, profesjonelle og serviceorienterte, vi viser respekt og har godt humør.







# ORGANISASJON

Kystverket vert leia av kystdirektøren og er eit forvaltningsorgan under Fiskeri- og kystdepartementet. Kystverket sitt hovudkontor ligg i Ålesund, med Beredskap-savdeling i Horten.

Hovudkontoret er Kystverket sitt strategiske og rådgivande organ som får sine oppdrag frå Fiskeri- og kystdepartementet. Dei daglege operative oppgåvene blir utført av regionane og Kystverket sitt reiarlag.

Kystverket er inndelt i fem regionar, KYV Sørøst i Arendal, KYV Vest i Haugesund,

KYV Midt-Noreg i Ålesund, KYV Nordland i Kabelvåg og KYV Troms og Finnmark i Honningsvåg.

Regionane har ansvar for Kystverket sine utøvande funksjonar innan forvaltnings- og myndigheitsområda, samt drift av tenester overfor brukarane.

Kystverket Reiarlag er ein intern entreprenør med sine 10 farty, som på oppdrag frå regionane utfører nybygging, drift og vedlikehald av fyrstasjonar, lykter, lanterner, faste og flytande merker langs heile kysten.

Kystverket sin organisasjon og styringsmodell er basert på desse verksemdsomsråda:

- Maritim infrastruktur
- Maritime tenester
- Transportplanlegging
- Kystforvaltning
- Interne oppdrag (administrasjon)
- Beredskap mot akutt forureining

## MARITIM INFRASTRUKTUR

Maritim infrastruktur omfattar utbygging, drift og vedlikehald av fiskerihamner, farleier og navigasjonsinstallasjonar. Satsing på utbygging og utbetring av maritim infrastruktur skal bidra til betre tryggleik, framkome og reduserte kostnader i samband med sjøtransport, og slik legge til rette for næringslivet i heile landet. Tiltak reduserer også faren for skipsulykker og bidreg på den måten til å bevare miljøet.

### Fiskerihamner

Staten legg til rette for distrikts- og næringsutvikling langs kysten ved mellom anna bygging av fiskerihamner. Effektive og trygge fiskerihamner er ein viktig føresetnad for verdiskaping i fiskerieringa, og dermed også for busettinga langs kysten.

Kystverket planlegg og gjennomfører utdjupeing i innseglinga til, og i fiskerihamner, molobygging for skjerming mot vind og bølger samt utbygging av grunnleggjande infrastruktur i fiskerihamner. Innan nyanlegg og større vedlikehald for fiskerihamner er det satt i gang anlegg i Melbu, på Værøy i Nordland og Strandhamn i Osen kommune, Sør-Trøndelag vidareført og avslutta i 2008.

Det er i 2008 utført 16 av 23 planlagde vedlikehaldstiltak; mindre reparasjonar av moloar og utdjupeing, delvis i samarbeid med kommunane.

I 2008 gjekk 100 millionar kroner til tiltak i fiskerihamner.

### Tilskot til fiskerihamnetiltak

Bygging av kaier og annan infrastruktur på landsida blir ofte utført med kommunen som byggherre. Kommunen kan i slike tilfeller søke Kystverket om økonomisk tilskot. Ved årsskiftet 2008/2009 er 37 anlegg med fråsegn om i alt 51,2 millionar kroner under planlegging eller utføring.

### Farleier

Farleiene utgjør ein sentral del av transportinfrastrukturen, og er ein føresetnad for auka sjøtransport. Tilstrekelege djupne, breidde og rom for manøvrering er nødvendig for tilfredsstillande framkome og tryggleik.

Oppmerkinga av Svelvikstrømmen og Drøbaksundet er avslutta i 2008 med noko meirforbruk. Utdjupeing av Brevikstrømmen held fram, mens anlegget Gunnhildvågen blei avslutta i 2008 med noko meirforbruk. Anlegget ved Sandviksberget i Osen kommune i Sør-Trøndelag blei avslutta med mindreforbruk. Utdjupeing av Røyra-sundet i Herøy i Møre og Romsdal er sett i gang, og er planlagt ferdig i 2009.

### Navigasjonsinnretningar

Ein føresetnad for at transporten av passasjerar og gods i dei kystnære områda skal kunne skje på ein forsvarleg måte, er at farleiene er rett merka. Kystverket har ansvaret for at alle dei

ulike navigasjonsinnretningane fungerer som dei skal. Ordinært vedlikehald og tilsyn er i hovudsak utført i samsvar med årsplanen for 2008.

Langs kysten er det om lag 5 800 navigasjonsinnretningar som fyr, lykter og lanterner. Disse innretningane skal gi lyssignal i samsvar med dei internasjonale tilrådingane til kvalitet. Målet er at det skal lyse i 99,8 prosent av tida. Resultatet i 2008 blei 99,8 prosent.

Navigasjonsinnretningane er delvis brukarfinansierte og delvis statleg finansierte, der brukarane finansierer 34 prosent gjennom kystgebyret. Farty over 500 bruttotonn (BT) i innanriks- og utanriksfart er pliktige til å betale kystgebyr.

### Elektroniske navigasjons- hjelpemidlar, meldings- og informasjonstenester

Det er ikkje registrert uhell eller ulykker som følgje av sviktande radionavigasjon i leier på kysten, eller sviktande eller mangelfull meldingsteneste i leier og kystfarvatn.

Innføringa av lossystemet Njord og koplinga av Njord mot SafeSeaNet i juni 2008 har ført til ein stor auke i tala på meldingar. I desember 2008 blei det rapportert 5 687 meldingar i SafeSeaNet.

# MARITIME TENESTER

Maritime tenester omfattar lostenesta og trafikksentraltenesta. Verksemds-området skal bidra til høg tryggleik og god framkome i norske farvatn og til vern av det marine miljøet.

## Lostenesta

Lostenesta er operativ og tilgjengeleg 24 timar i døgnet heile året. Kystverket har ansvar for utføringa av lostenesta, som er eit viktig verkemiddel for å forebygge ulykker i dei kystnære områda. Hovudregelen er at alle farty over 500 BT (bruttotonn) som segler langs kysten, eller til og frå ei norsk hamn, har plikt til å ta los ombord. Det kan gis unntak frå regelen om losplikt dersom det lospliktige fartyet har navigatør med tilstrekkeleg kompetanse og erfaring med segling i norske farvatn. Navigatøren kan då få segle på farledsbevis.

Fartya må betale gebyr for den tenesta som losen yter og kravet er at tenesta skal vere sjølvfinansierande. I 2008 fikk lostenesta eit driftsunderskot på 12,6 millionar kroner.

Ved utgangen av 2008 var det 250 årsverk disponible statslosar, mot 248,9 i 2007. Talet på losoppdrag auka med 2,6

prosent frå rekordåret 2007. Sist "toppår" var 1999. Kvar los hadde i gjennomsnitt 189,2 oppdrag i 2008 mot 185 i 2007.

## Sjøtrafikksentralar som er gebyrfinansierte


Sjøtrafikksentraltenesta er tilgjengeleg heile døgnet, og vert ofte nemnt med kortnamnet VTS (Vessel Traffic Services). VTS er ei internasjonalt regulert teneste for å betre tryggleiken for sjøtrafikken og for å beskytte det marine miljøet. I områda på kysten der skipstrafikken er stor, eller der det blir transportert farleg og/eller forureinande last i stort omfang, er det etablert sjøtrafikksentralar. Trafikken vert overvaka ved hjelp av radar, kamera og AIS (antikollisjons-systemet Automatic Identification System). Det er i dag etablert sjøtrafikksentralar for områda Oslofjorden (Horten), Grenland (Brevik), Rogalandsområdet (Kvitsøy) og for innseglingane til olje-terminalane på Sture og Mongstad (Fedje). Kystverket sine fire sjøtrafikksentralar ga seglingsklareringar til 250 861 farty i 2007 mot 180 092 i 2006.

Drifta av sjøtrafikksentralane blir finansiert ved at brukarane betaler tryggleiksgebyr. Kravet er at tenesta skal vere sjølvfinansierande. I 2008 gjekk drifta av dei operative trafikksentralane med et overskot på 0,5 millionar kroner.

## Vardø trafikksentral – ikkje gebyrfinansiert

Det skjer økt utskipping av råolje frå Nordvest-Russland. Denne trafikken aukar risikoen for akutt forureining i dei sårbare havområda i nord. Stortinget vedtok å bygge ein ny sjøtrafikksentral i Vardø som skal overvake trafikken i dette viktige området.

Vardø VTS opna 1. januar 2007. Sjøtrafikksentralen har vore involvert i fleire hendingar til sjøs. Det viser at Vardø VTS er ein sentral aktør i Kystverket sin maritime beredskapshandtering.





## TRANSPORTPLANLEGGING

Verksemdsområdet omfattar maritim sektor av Nasjonal transportplan. Det inneber overordna planlegging for utbygging, drift og vedlikehald av maritim infrastruktur for auka tryggleik og framkome til sjøs. Ein skal ta omsyn til mål for miljø og livskraftige kystsamfunn i transportplanlegginga. Kystverket er ein

av fire transportetatar i Noreg.

Kystverket har i 2008 prioritert å levere sin del av planutredninga til Nasjonal transportplan 2010–2019. I tillegg har bidrag til Stad skipstunnel og Forvaltningssplan for Norskehavet prega ressursbruken.

Arbeidet med Kystverket sitt Handlingssprogram 2010–2019 med fokus på best mogleg planreservar er vidareført i 2008. Farleisnormalen er eit viktig verkty for å arbeide systematisk med prosjekt som representerer flaskehalsar i stamnettet og i resten av farleiene.

## KYSTFORVALTNING

Kystverket har forvaltningsmyndigheit etter losloven, hamne- og farvatnloven og forureiningsloven. Det vert kvart år behandla ei mengd saker som gjeld

forvaltninga av kystsona. Hovudtyngda av saker etter hamne- og farvatnloven består av søknader om tiltak i kystsona som bygging av kaier og moloar,

utlegging av flytebrygger og etablering av oppdrettsanlegg.

## BEREDSKAP MOT AKUTT FORUREINING

Kystverket har ansvaret for drift og utvikling av statleg beredskap mot akutt forureining. Denne beredskapen er bygt opp slik at staten har eit overordna ansvar for å ha nødvendig kompetanse og utstyr til å motarbeide større akutt forureining. Kystverket arbeider for å førebygge og identifisere akutt forureining, samt å sjå til at ansvarleg forureinar eller kommune set i verk nødvendige tiltak når akutt forureining inntreffer.

I utgangspunktet er det forureinaren eller den enkelte kommune som har ansvaret for å gjennomføre aksjonar etter akutt forureining – eventuelt med hjelp frå staten ved Kystverket. Ved større hendingar kan Kystverket bestemme at den skadeavgrensande aksjonen skal gå i statlig regi. I slike tilfelle vil kommunane bidra i den praktiske delen av aksjonen.

Det har i 2008 vore gjennomført ein større aksjon knytte til "Crete Cement"

som grunnstøytte og seinare vart strandsett på Fagerstrand, Nesodden. Tømeoperasjonane på dei tyske forsyningskipa "Nordvard" og "Welheim" er slutført i 2008.

Ubåtvraket U-864 har kravd store ressursar i 2008, og i november vart utredninga presentert. Det er også i 2008 gjennomført analyser av miljøet og synfaringar av vraket av den russiske kryssaren "Murmansk."

## INFORMASJONSAVDELINGA

Avdelinga har utvikla ein overordna kommunikasjonsstrategi for Kystverket, og har starta arbeidet med ein større revisjon av Kystverket sine internettsider. Frå 2007 til 2008 var det ein trafikkauke på [www.kystverket.no](http://www.kystverket.no) på nærare 10 prosent.

Det har vore stor interesse for vraket av ubåten U-864, og avgjerd om kva for miljøtiltak Regjeringa har bestemt seg for, betyr at pågangen frå inn- og utland framleis vert stor i denne saka.

Den største enkeltstående aksjonen som krevde innsats, var strandsettinga av

sementskipet "Crete Cement" i Oslofjorden. Kystverket.no var primærkanal for informasjon for presse og publikum. Til VTS-symposiet (Vessel Traffic Service) i Bergen møtte fleire hundre representantar frå 40 land. Internasjonal fagpresse dekkja hendinga.

## ANDRE OMRÅDER

I 2008 er det etablert etatsmuseum for Kystverket, som omfattar Lindesnes fyrmuseum (sentralledd), Jærmuseet (Tungenes fyrmuseum), Sunnmøre museum (Dalsfjord fyrmuseum) og Museum Nord (Lofotmuseet).

Det er lagt ned arbeid i å ferdigstille etaten sin sektorverneplan – Verneplan for maritim infrastruktur (SKE-rapporten) og det tverrsektorielle samarbeidet innan kystkultur mellom Riksantikvaren,

ABM-utvikling, Fiskeridirektoratet og Kystverket.

Kystverket sin etatsverneplan er i prinsippet klar til å bli lagt fram for styringsgruppa.

I 2008 har ein vidareført arbeidet med å effektivisere administrative rutinar for å frigjere ressursar som kan omdisponerast til områder som må styrkast, mellom anna med utredningskapasitet.

Det er sett i gang ein prosess for å betre mål- og resultatstyring i Kystverket og samtidig innføre risikostyring som ein del av styringsmodellen.

Arbeidet med felles del av kvalitetssystemet i Kystverket, som starta opp i 2007, er vidareført i 2008, og avvikssystemet er levert.





Foto: Helge Skodvin





## REKNESKAP FOR KYSTVERKET 2008

Under er ein oversikt over dei økonomiske tala for Kystverket i 2008. Kystverket får sine løyvingar frå Stortinget og staten nyttar kontantprinsippet ved budsjettering og rekneskapsføring. Det blir også nytta eit bruttoprinsipp slik at alle utgifter

er ført som utgift og alle inntekter er ført som inntekt. Derfor viser rekneskapet eit meirforbruk på post 01 på utgiftssida på vel 49,0 millionar kroner. Når ein korrigerer for at Kystverket har fullmakt til å nytte meirinntekter på inntekts-

postane 01 og 02 til å dekke auka utgifter, og tek omsyn til refusjonane, vert resultatet på post 01 på utgiftssida ei meirutgift på knapt 1,7 millionar kroner. Kystverket sitt økonomiske resultat for 2008 er tilfredsstillande.

### Kap. 1062 – Utgifter

(Alle tal i 1 000 kroner)

Post (B-R)	Namn	Løyving (B)	Rekneskap (R)	Awik
01	Driftsutgifter	1 053 876	1 102 903	(49 027)
21	Spesielle driftsutgifter	62 388	70 562	(8 174)
30	Maritim Infrastruktur	341 250	322 031	19 219
45	Større anskaffingar av utstyr	100 930	73 184	27 746
46	Trafikksentral Nord-Noreg	58 802	20 789	38 013
60	Tilskot til Fiskerihamneanlegg	74 150	33 021	41 129
70	Tilskot til Redningsselskapet	40 000	40 000	0
72	Tilskot omstrukturering Kystverket Produksjon	24 500	23 782	718
	<b>SUM UTGIFTER</b>	<b>1 755 896</b>	<b>1 686 272</b>	<b>69 624</b>

### Kap. 4062 – Inntekter

(Alle tal i 1 000 kroner)

Post (B-R)	Namn	Løyving (B)	Rekneskap (R)	Awik
01	Gebyrinntekter	638 785	655 705	(16 920)
02	Andre inntekter	8 778	9 786	(1 008)
15, 16, 17, 18	Refusjonar		14 395	(14 395)
	<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>647 563</b>	<b>679 886</b>	<b>(32 323)</b>



# KYSTVERKET

Kystverket sitt hovudkontor  
[post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)

Kystverket Sørøst  
[sorost@kystverket.no](mailto:sorost@kystverket.no)

Kystverket Nordland  
[nordland@kystverket.no](mailto:nordland@kystverket.no)

Kystverket Vest  
[vest@kystverket.no](mailto:vest@kystverket.no)

Kystverket Troms og Finnmark  
[tromsogfinnmark@kystverket.no](mailto:tromsogfinnmark@kystverket.no)

Kystverket Midt-Noreg  
[midt norge@kystverket.no](mailto:midt norge@kystverket.no)

Kystverket Reiarlag  
[rederi@kystverket.no](mailto:rederi@kystverket.no)

**Tlf.: 07847**

**[www.kystverket.no](http://www.kystverket.no)**